

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
068/2016	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	14.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tore Rikstad	16/1343	16/9741

Revidering av kommunedelplan for avløp 2016-2020

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Det overordna målet for avløpshandteringa er at avløpsanlegg og utslepp ikkje skal ha uheldige verknader for miljøet. Det er sett krav til reinsing av avløpsvatn med bakgrunn i forureiningslova og lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg.

Rådgivande Biologar AS gjennomførte i 1998 ei enkel undersøkjing og kartlegging av 7 innsjøresipientar og 14 sjøområder i kommunen. Det er denne reseipientundersøkinga som i tillegg til forureiningslova og den lokale forskrifta om utslepp frå mindre avløpsanlegg som vert lagt til grunn ved handsaming av utsleppsløyver. Det er planlagt ny undersøkjing og kartlegging av reseipientane i 2019.

I fleire delområder opplever ein stor innlekking på avløpsnettets som er med og forringar reinseeffekten. I Bøvågen er det gjennomført lekkasjeregistrering og utbetring av leidningsnettets har starta. På Manger er det planlagt nytt reinseanlegg og det er viktig at det då samtidig vert gjort utbetringar på leidningsnettets også her.

Det vert lagt fram eiga sak til politisk handsaming om nytt reinseanlegg på Manger.

Elles vert det i den nye planen vist til øvrige foreslåtte tiltak og investeringsplan for desse.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til kommunedelplan for avløp 2016-2020 for Radøy kommune vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn slik den ligg føre.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 068/2016

PLT - handsaming:

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

PLT - vedtak:

Framlegg til kommunedelplan for avløp 2016-2020 for Radøy kommune vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn slik den ligg føre.

Vedlegg:

Radøy Hovedplan avløp (3)